

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNESDato: 10.10.2016  
Vår ref.: 2014/22289-16  
Saksbehandlar: Iarbirik  
Dykkar ref.:

## Varsel om utviding av planområdet for reguleringsplan for bru over Masfjorden - Masfjorden kommune - Kulturminnefagleg fråsegn

Viser til varsel om utviding av planområde i samband med høyring av planprogram for bru over Masfjorden datert 01.09.2016. Hordaland fylkeskommune sende fråsegn i saka 30.09.2016, men ein vart einig om å venta med kulturminnedelen då denne siste utvidinga for det meste berørte areal i sjø, og ein måtte difor også ha uttale frå Bergens Sjøfartsmuseum. Denne vart motteken 03.10.2016 og vart også send som kopi til ABO Plan & Arkitektur:

*«Det er to kjente kulturminne i planområde i frå tidligare. Askeladd lokalitet 102118 er et båtstøanlegg. Askeladdenregistrering 123051 er vraket av D/S Masfjord. Når det kommer til selve duesundet er me ikkje kjent kjente kulturminne i område. Behovet for avklaring opp mot kjente kulturminne vil avhenge av kva type bru som blir valgt.*

*Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.».*

Ei endringsmelding med utviding av planområde på Masfjordnessida vart også motteke av Hordaland fylkeskommune den 17.03.2015. Innspel frå Kultur- og idrettsavdelinga vart ikkje send ut frå Hordaland fylkeskommune grunna ein inkurie. Dette innspelet er no vedlagt her:

*«Endringa inneber å utvida planområdet langs fylkesveg 570 frå det opphavleg tenkte planområdet i vest og forbi kommunehuset til grense for områdeplan for Sandnes. Føremålet med utvidinga er å sikre framtidig areal til fortau/gang/sykkelveg. Fylkeskonservatoren viser til tidlegare innspel, men meiner at ei utviding som skissert må ta omsyn til bygningsmassen langs fylkesvegen frå kyrkjevegen og fram til kommunehuset som inneheld mellom anna Kvamsdal fargerier som var i drift mellom 1889 og 1954. Om ein går ut frå at fortau/gang/sykkelveg skal ta til ved vegen som går opp til kyrkja vil det truleg vera mindre problemfylt då det ikkje er rom for utviding på nordsida av fylkesvegen mot båtstøene, id. 102118.».*

Når det gjeld det siste endringsvarselet har fylkeskonservatoren ingen vidare merknader til dette utover innspelet frå Bergens Sjøfartsmuseum. Det meste av arealutvidinga omfattar som nemnt område i sjø, og det arealet på land som er omfatta av utvidinga på Duesundøy og nordover, er tidlegare registrert i samband med kabelferjetraséen Masfjordnes – Duesund (*Hordaland fylkeskommune - Kulturhistoriske registreringar - Rapport - Kabelferjetrasé Masfjordnes – Duesund - Masfjorden kommune*).

Med helsing

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Lars Øyvind Birkenes  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*